



Opprop frå Oppland:

Reverser endringa i statstilskotet til frivilligsentralane

Dette oppropet belyser Stortinget si vedtatte endring i finansieringsmodellen til alle norges frivilligsentralar, og kva endringa vil bety for sentralane i vår region. Oppropet er signert alle frivilligsentralane i Oppland.

Oppmodinga til Regjeringa er å lytte til vår paraplyorganisasjon Norges Frivilligsentraler, som har fremma eit forslag om å la Stortinget utvikle ein ny finansieringsmodell i samråd med dei, som vil legge til rette for vekst og utvikling av frivilligsentralane landet over.

Innhald:

- s. 2 Kort om endringa
- s. 2 Verdien vi skaper
- s. 4 Allereie ser vi konsekvensane
- s. 4 Dei økonomiske konsekvensane for Oppland
- s. 5 Intensjonane frå regjeringa - og kvifor dei ikkje fungerer
- s. 7 Distriktfientleg politikk
- s. 8 Kvifor frivilligsentral
- s. 9 Ingen skam å snu
- s. 10 Oppmoding til politikarane

Kort om endringa

I 26 år har staten utbetalt tilskot direkte til alle landets frivilligsentralar. Tilskotet kom med eit krav om 40% lokal delfinansiering, og 100% stilling som dagleg leiar. Frå 2017 vart denne finansieringsmodellen endra - tilskotet går no til kommunane, og krava forsvann. Dette har allereie gitt negative konsekvensar for ei rekke sentralar.

Frå 2021 trer ei enda meir kritisk endring inn: midlane skal ikkje lengre fordelast etter talet på sentralar, men etter innbyggjartal. Dette er katastrofalt for Oppland, som vil få *halvert* det samla tilskotet til sine frivilligsentralar.

7,6 millionar kroner mister Oppland om denne endringa trer i kraft, og dette truer eksistensen til mange av sentralane i regionen. **Vi ber difor innstendig om at regjeringa snur i saka.**

Verdien vi skaper

Norges 463 frivilligsentralar er ulike, og unike. Tilboda og aktivitetane vi organiserer blir skapt ut frå lokale behov og ressursar. Dette er vår store styrke - at vi kan tilpasse oss lokale forhold, og møte dei behova som finst i nærmiljøet. Stadig i endring, alltid basert på kva innbyggjarane ønskjer og kva dei frivillige ønskjer å bidra med. *Felles* for sentralane er at vi er opne for alle, at vi er politisk og religiøst uavhengige, og at alle som kjem til ein frivilligsentral skal bli møtt med respekt, og bli sett på som ein ressurs.

Vår visjon er: **Møte mellom menneske**

“En innbygger som fikk slag, og som brått ble enkemann, fryktet han måtte avlive hunden fordi han ikke kunne gå tur med den. Hunden betydde alt for ham. Familien kjente til frivilligsentralen, og tok kontakt for å høre om det var mulig å få hjelp. Vi mobiliserte frivillige, og laget en turnus for å lufte hunden. Frivilligsentralen mottok et maleri og et koselig kort med teksten “Takk for livet”.”

Solveig Rønningen, dagleg leiar Gjøvik Frivilligsentral

“Jeg bodde to år i Vang uten å prate med noen. Gjennom frivilligsentralen fikk jeg en språkvenn, som gjorde at jeg ble kjent med flere, lærte meg de sosiale kodene, og forstod at det var mulig å bli kjent med folk i Norge. Jeg begynte å smile, jeg lærte språket bedre, og etterhvert har jeg fått med jobb, og venner. Og sertifikat! Det fikk jeg også hjelp til av frivillige på frivilligsentralen, med øvelseskjøring. Nå er jeg selv frivillig og hjelper andre.”

Flyktning busett i Vang

«Eg er frivillig hjå Øystre Slidre Frivilligsentral og utfører hjelpeoppdrag for eldre i kommunen; handlehjelp, rydding, plen- og hagearbeid, vedarbeid, er også tur- og besøksvenn. Eg ynskjer å hjelpe gamle og sjuke slik at dei kan bu heime lengst mogleg. Etter at mi eige helse svikta, var det godt å ha noko å fylle tida med. Det er godt å kunne hjelpe andre og gjera noko som er meningsfylt. Eg meiner at alle som har litt restarbeidsevne kan ha stor glede av å vera med i frivillig arbeid. Det gjev livet mening og lyser opp i kvardagen spesielt for dei som er einslege, men også alle andre.»

Mann 81 år i Øystre Slidre

Vi samarbeider med frivillige lag, kommunale instansar og andre, og representerer ofte eit etterlengta bindeledd mellom desse. Det ligg i ryggmargen vår å *ikkje konkurrere med andre frivillige organisasjonar*, men tvert i mot å hjelpe dei, skape nettverk der dei kan samhandle på tvers, og møte dei behova som dei frivillige laga *ikkje* kan møte.

Frivilligsentralen i Gjøvik arrangerte i 2019 KUL-TUR, der kommune og frivilligheit saman gjennomførte ein fantastisk dag kor heile frivilligfeltet fikk vist seg fram. Ca 2500 deltakarar og publikummarar fylte sentrum denne dagen.

“Uten Gjøvik Frivilligsentral som primus motor, med sin kompetanse og sitt nettverk, hadde ikke KUL-TUR kunne blitt gjennomført”.

Deltaker på KUL-TUR

Å legge til rette for frivilligheit gir mykje tilbake til samfunnet. Undersøkingar viser at **éin person kan administrere 100 frivillige, og 100 frivillige utgjør 4,7 årsverk**. (Oppdaterte tall om frivillig innsats i Norge, 1998–2017, FLADMOE, SIVESIND OG ARNESEN) Dette varierer sjølvsagt på dei ulike sentralane ut frå kva slags aktivitetar vi driv med, men det seier noko om verdien vi skaper. Å ha velfungerande frivilligsentralar med det mangfaldet av aktivitetar vi administrerer, er god førebygging for fysisk og psykisk helse, god medisin mot einsemd, betrar integreringa, får fleir ungar til å klare leksene og skuleløpet, gjer at fleire eldre kan bu lengre heime, og så vidare, og så vidare...

“Mange takker oss for det frivillige arbeidet vi legg ned, men det er vi som er frivillige som skal takke, for at vi er så heldige å få vere deltagere i ein frivilligsentral. Å delta ved Frivilligsentralen har gjeve meg så mykje, eit godt og rikt liv og ei god helse. Å vere frivillig gjev ein sjølv vel så mykje som det ein gjev til andre.”

Frivillig på Vågå Frivilligsentral, ein av dei 95 frivilligsentralane som var med i prøveordninga frå 1991. Fleire av dei frivillige som var med frå starten er framleis med.

Allereie ser vi konsekvensar:

Norges frivilligsentraler har gjennomført spørjeundersøkingar dei siste åra for å kartlegge korleis endringa i tilskotet påverkar sentralane. Du kan lese resultata her:

<https://www.frivilligsentral.no/dokument?su-ny-tilskuddsordning&ld=74349>

Det viktigaste funnet frå undersøkingane i denne samanhengen er at **meir enn halvparten av sentralane ikkje ser noko til den aukinga som regjeringa har gitt**. I 2017 fikk 51% av sentralane mindre enn aukinga frå regjeringa. I 2018 fikk 68% mindre enn aukinga, og i 2019 fikk 57% mindre. Regjeringa har auka tilskotet for å styrke den lokale frivilligheita, men midlane blir altså i stor grad brukt til andre ting. *Intensjonen* er å styrke frivilligsentralane, men *resultatet* viser at det ikkje er dette som skjer.

Dei økonomiske konsekvensane for Oppland

Men etter 4-årsperioden, i 2021, skal midlane ikkje lengre fordelast etter *talet på sentralar*, men etter *innbyggjartal*. Dette vil få enda meir dramatiske konsekvensar for alle mindre kommunar i Norge. Litt forenkla kan vi si at:

- **alle kommunar med mindre enn 11.400 innbyggjarar, som i dag har en frivilligsentral, vil frå 2021 få mindre enn i 2020.**
- **Det er 327 av kommunane i Norge som har under 11.400 innbyggjarar!** (pr 1.1.2018: https://no.wikipedia.org/wiki/Norges_kommuner)

Dette er særst distriktsfientleg politikk.

Vedtaket frå regjeringa seier at same sum som blir fordelt i 2020, skal fordelast i 2021. I forslag til statsbudsjett for 2020 er det fordelt 200 202 000,- til frivilligsentralane. Innbyggjartalet i Norge pr no er 5 345 599. Vi tar difor utgangspunkt i at 37,45 er satsen pr innbyggjar vi får utbetalt i 2021. Då får vi følgjande konsekvensar for Oppland som region:

Kommune	km2	Folketal	Sentralar	Støtte 2020	Støtte 2021	Differanse 2020 - 2021
Lillehammer	477	27 938	1	427 000	1 046 278	619 278
Dovre	1 363	2 642	1	427 000	98 943	-328 057
Lesja	2 259	2 038	0	0	76 323	76 323
Skjåk	2 075	2 179	1	427 000	81 604	-345 396
Lom	1 968	2 331	1	427 000	87 296	-339 704
Vågå	1 330	3 638	1	427 000	136 243	-290 757
Nord-Fron	1 141	5 728	1	427 000	214 514	-212 486

Sel	905	5 872	1	427 000	219 906	-207 094
Sør-Fron	742	3 146	1	427 000	117 818	-309 182
Ringebu	1 247	4 454	1	427 000	166 802	-260 198
Øyer	640	5 130	1	346 000	192 119	-153 882
Gausdal	1 191	6 148	1	427 000	230 243	-196 757
Gjøvik	672	30 642	5	2136 000	1 147 543	-988 457
Østre Toten	562	14 888	1	854 000	557 556	-296 444
Vestre Toten	249	13 314	1	427 000	498 609	71 609
Jevnaker	226	6 777	2	854 000	253 799	-600 201
Lunner	292	9 065	2	854 000	339 484	-514 516
Gran	757	13 770	6	1 281 000	515 687	-765 314
Søndre Land	728	5 650	1	427 000	211 593	-215 408
Nordre Land	955	6 750	1	427 000	252 788	-174 213
Sør-Aurdal	1 108	3 014	2	854 000	112 874	-741 126
Etnedal	459	1 352	1	273 000	50 632	-222 368
Nord-Aurdal	907	6 443	1	427 000	241 290	-185 710
Vestre Slidre	463	2 139	1	427 000	80 106	-346 894
Øystre Slidre	963	3 221	1	427 000	120 626	-306 374
Vang	1 505	1 601	1	427 000	59 957	-367 043
Oppland	25 185	189 870	37	14 711 000	7 110 632	-7 600 369

Intensjonen frå regjeringa - og kvifor den ikkje fungerer

Endringa frå regjeringa består av 2 punkt:

- midlane skal ikkje lengre vere øymerka - lokalpolitikarane skal sjølv bestemme om dei skal gå til frivilligsentral eller til noko anna
- midlane skal fordelast etter folketal, uavhengig av om kommunen har frivilligsentral, kor mange, og korleis desse i så fall blir drifta.

Intensjonen bak det første punktet forklarer regjeringa med lokalt sjølvstyre. Kulturminister Trine Skei Grande og kommunal- og moderniseringsminister Monica Mæland skriv i Avisa Hadeland 16. september 2019 eit svar til ein bekymra frivilligsentral: - *Det er en del av regjeringens politikk: At avgjørelser skal tas nærmest mulig innbyggerne. Det er lokalt man best kjenner behovene, og med denne endringen blir det opp til lokale folkevalgte å prioritere frivillighetssentralene. Så kan også velgerne igjen stemme fram politikere de vet er opptatt av frivilligheten, og vil satse på den. Vi er ikke enige i at frivilligheten landet rundt best styres fra regjeringskvartalet i Oslo*

Dette kan vi godt vere samd i at er ein god *intensjon*. Men *resultatet* frå spørjeundersøkingane viser at dette ikkje skjer - dei fleste sentralane ser ikkje noko til aukingane, fleire får tvert imot kutta i sine budsjett fordi kommunen nyttar pengane andre stader. Dette har dei jo sin fulle rett til i trange kommunebudsjett, men når *intensjonen* med endringa er å *styrke frivilligheita*, då fungerer ikkje tiltaket slik det var tenkt.

Det er uklart for oss kvifor regjeringa sette i gang denne endringa. Vi har ikkje fått presentert *eit problem* som den nye finansieringsmodellen skal løyse, vi har i det heile tatt ikkje høyrte nokon nemne at den måten ordninga fungerte på før var eit problem for nokon. Tvert i mot sikra den sentralane ein stabil og sikker inntekt, samstundes som at kommunen måtte forplikte seg for å få opprette sentral, noko som ga stabile rammer og ein viss kvalitet.

Å påstå at finansieringsmodellen gjorde at *frivilligheten landet rundt vart styrt fra regjeringskvartalet i Oslo* er urovekkande upresist. Den gamle ordninga la ingen føringar for *innhaldet* i sentralane, og den påtvang ikkje kommunane å ha frivilligsentral. Men den la til rette for at *om* kommunen såg dette som tenleg, så stilte staten opp med eit grunnbeløp som var likt for kvar sentral, uavhengig av storleik på kommunen. Dette var rettferdig fordi: for å kunne drifte ein sentral trengst det visse økonomiske rammevilkår, uavhengig av kor få eller mange som bur i kommunen!

Intensjonen bak det siste punktet, grunnlagir Grande og Mæland på denne måten: - *I dag mottar 358 kommuner tilskudd til frivillighetssentraler. Noen kommuner har flere frivilligsentraler, andre har bare en, og atter andre har ikke sentraler i det hele tatt. De har kanskje andre initiativer og aktører som bidrar med frivillig aktivitet i lokalsamfunnet. Fra 2021 vil også disse kommunene nyte godt av den statlige støtten.*

Alle kommunar har med den gamle ordninga kunna søke om å opprette ein frivilligsentral. At nokon kommunar ikkje søkte om å opprette sentral, er på ingen måte noko signal om at ordninga ikkje fungerte. Kommunane i Norge er særskilte forskjellige, og dette tok ordninga høgde for - den enkelte sentral har kunna tilpasse sine aktivitetar og tilbod til lokale føresetnader og behov. Og dette er enormt viktig for frivilligheita - den må byggjast på dei frivillige, på kva kapasitet, ønskjer og kompetanse dei har, og på dei behova som finst i lokalmiljøet. Difor blir sentralane forskjellige, og difor har enkelte kommunar ikkje oppretta frivilligsentral, men har som Grande og Mæland nemner *kanskje andre initiativer og aktører som bidrar med frivillig aktivitet i lokalsamfunnet*.

Distriktsfientleg politikk

Problemet med den komande endringa er at den store pengestrømmen flytter seg **frå dei små kommunene til dei store**. Sett bort i frå at nokon kommuner ikkje har frivilligsentral, og nokon har fleir enn ein sentral, er det store bilete slik:

Det er 327 kommuner i Norge med mindre enn 11.400 innbyggjarar, som mister pengar til dei 96 kommunene som har fleir enn 11.400 innbyggjarar.

Frivilligsentralar er viktige i både små og store kommunar. Det gir ikkje meining å flytte pengane slik at dei minste kommunane, der det ikkje er flust av andre tilbod og møteplassar, der sentralen kanskje er den einaste arenaen som er gratis og open for alle, blir hardast ramma.

Å smøre tilskotet tynt utover dei små kommunane, og samle dei store summane i byane, kan vi ikkje forstå at vil gagne frivilligheita. Det er innlysande at konsekvensane vil bli katastrofale for ei rekke sentralar i små kommunar. 'Lokalt sjølvstyre' er lite verdt når små kommunar får mykje mindre midlar til å styre for!

Mange vil framleis bestå - lokalpolitikarane vil finne midlar andre stader i budsjettet fordi dei ser og forstår kor viktig jobb frivilligsentralane gjer, og at lokalsamfunnet ikkje har råd til å miste tilboda desse leverer. Men dette er likevel risikosport frå regjeringa. Endringa vil også få fleire negative følgjer for dei gjenverande sentralane, som i mykje større grad vil leve 'frå år til år', utan økonomisk trygghet og rom for å jobbe langsiktig.

Vi som jobbar med frivilligheit veit at er det noko som er avgjerande for å rekruttere, motivere og administrere folk til å bruke av sin dyrebare fritid til å gjere ein innsats for andre, så er det *lokal forankring, kjennskap og nærleik* til det lokalsamfunnet der aktiviteten skal skje.

Nokon ting er egna for sentralisering, frivillig arbeid er ein av dei tinga som *ikkje* er det. Tvert imot er vi heilt avhengige av å sitte tett på dei frivillige og dei behova som finst ute i dei små grendene, kjenne til dei lokale eldsjelene og dei lokale utfordringane. Avstandene og ulikheiten i dei små, spredte grendene i bygdenorge blir ikkje mindre sjølv om regjeringa vil fordele pengane på nye måter. Og behova her ute blir ikkje mindre sjølv om regjeringa endrar finansieringsmodellen.

Kvifor frivilligsentral

Då statsbudsjettet for 2020 vart presentert 7.10.19 svarte kulturministeren følgjande på Nationen sitt spørsmål om denne endringa ikkje var sentraliserande: - *Dette handler om hvordan man organiserer frivillighetsarbeidet. Det betyr ikke at du alltid skal organiserer det i frivillighetssentraler.* Er vi her ved sakens kjerne, at dagens regjering har mista syne for verdien av det arbeidet frivilligsentralane gjer?

Ordninga med frivilligsentralar vart oppretta av Høgre-regjeringa Syse i 1990, av helseminister Wenche Frogn Sellæg. Venstres eigen Odd Einar Dørum har vore mentor og sterk forkjempar for vår eksistens og framsnakkar av vår verdi gjennom mange års utvikling av sentralar i fleir og fleir kommunar. Sentralane vart oppretta fordi leiande politikarar hadde fått tydelege signal om at frivilligheita var i ferd med å svekkast og endrast, og ikkje minst at det trengtest fleire hender innan helsesektoren. Denne utfordringane er stadig tilstades i vårt langstrakte land.

Dette er nokon av utfordringane vi ser på frivilligfeltet i dag:

- Det er vanskelig å få folk til å ta på seg verv
- Ressurspersonane er veldig opptatt, også pensjonistane
- Folk ønskjer ikkje å «ha ansvaret», men å utføre konkrete oppgåver som kjennest meningsfulle for seg sjølv eller andre
- For mange frivillige er det viktig å vite at nokon ordnar opp om ting skjær seg
- Det er store forskjellar i kva for tilbod foreiningar og lag har i store og små kommunar, og enkelte frivillig-oppgåver finst det ikkje lag eller foreiningar som kan løyse
- Nokon frivillige ønskjer ikkje å knytte seg til lag og foreiningar, eller til faste forpliktingar i det heile tatt
- Nokon frivillige har behov for ekstra støtte for å ta i bruk dei tilboda som finst
- Nokon lag og foreiningar treng hjelp, rådgiving og støtte for å kunne utføre sine oppgåver og arrangement
- Lag og foreiningar treng ofte eit bindeledd for å samarbeide på tvers i kommunane
- Det er utfordrande å ha oversikt over behov og tilbod på tvers av lag, foreiningar, kommunen, bedriftene og andre instansar
- Det er utfordrande å utnytte mogelegheitene når det gjeld lokalar, utstyr og støtteordningar
- Det trengst eit bindeledd for å dele kompetanse innan marknadsføring, rekruttering, leiing osv på frivilligfeltet

Og dette er nokon av dei mange tinga som ofte kjenneteiknar frivilligsentralane:

- Frivilligsentralane skreddarsyr opplegg for den frivillige, som kan delta kor myke eller lite den sjølv ønskjer
- Skaper tryggheit for dei frivillige - tar ansvaret formelt og juridisk
- Samarbeider med lag, foreiningar, enkeltfrivillige, bedrifter og kommunen, og samordnar aktivitetar, marknadsføring og kompetanseutveksling mellom desse. Skapar møteplassar for nettverksbygging på tvers av aktivitet.
- Har full oversikt over frivilligheiten i området, og fungerer ofte som ein inngangsportal for nye innbyggjarar og nye frivillige
- Organiserer utlån av lokaler og utstyr
- Gir rådgiving og støtter der det trengs, og heier på lokale eldsjeler
- Får frivillige, deltakarar og brukarar ut av huset og inn i aktivitetar – skaper større nettverk
- Tar inn personar frå NAV for jobbvurdering, gir folk i open soning jobbmogelegheit i periodar
- Kan starte aktivitetar på kort varsel – treng ikkje lange vurderings - og søkerundar før oppstart
- Arrangerer lågterskeltilbod som er for alle, også for dei som normalt ikkje ønskjer å vere medlem av lag eller foreiningar
- Frivilligsentralane arrangerer mange typar aktivitetar, som handarbeid, trening, sosiale aktivitetar, hjelpeaktivitetar, språktrening, innsamlingar, kurs, miljøvern, gjenbruk, underhaldning, foredrag, debattar, konsertar, friluftsliv, utstyrsutlån, integrering, og mykje, mykje anna

Ingen skam å snu

Vi veit at regjeringa tidlegare i år har reversert eit tilsvarande vedtak på tilnærma lik omlegging: veterinærordninga. I juni vedtok Stortinget at veterinærvaktilskotet ikkje lengre skulle øyremerkast, men delast ut som rammetilskot til kommunane. Landbruksminister Bollestad fikk mange tilbakemeldingar frå både bønder og veterinærar som var bekymra, og meinte vedtaket ville få uheldige utslag for jordbruk i distrikta. Desse innspela lytta regjeringa til, og reverserte ordninga. Det er ingen skam å snu!

Vi som jobbar med frivilligheit i det daglege, ser ei markant endring i korleis frivillige engasjerer seg. Mange av dei solide foreiningane som har spelt ein viktig rolle gjennom ei årrekke, slit med å rekruttere yngre krefter. Den same trenden ser vi også blant enkeltfrivillige. For å oppretthalde frivilligheita, som alle er så einige om at er så viktig i vårt samfunn, er det viktigare enn nokon gong å ha fagpersonar som kan følge opp, administrere og motivere den enkelte til å bidra.

Frivilligheit krev organisering. La oss få fortsette å kunne gi eit tilbod til og dra nytte av dei som har energi og evne til å vere frivillig, men som ikkje vil forplikte seg til ei foreining, eller ikkje maktar å administrere tilboda på eigen hand.

Oppmoding til politkarane

I frivilligmeldinga som regjeringa la fram i desember, er 2022 utpeikt som nasjonalt frivilligår. Vi ber om at de, i inngangen til frivilligåret, ikkje raserer fundamentet som vi i distrikta bygger mykje av vår frivillige verksemd på. Det ville vore eit enormt paradoks.

Norges Frivilligsentraler har kome med følgjande forslag, som vi håper regjeringa vil lytte til:

- ***Stortinget oppretter en ny post under kapittel 315 i Statsbudsjettet. Det opprettes et fordelingsutvalg i samarbeid med Norges Frivilligsentraler. Fordelingsutvalget settes sammen i tråd med erfaringene fra FRIFOND organisasjon og KUDs tidligere tilskuddsordning.***
- ***Det skal ligge til grunn en lokal finansiering og etterlevelse av retningslinjer utarbeidet i samarbeide med Norges Frivilligsentraler. Norges Frivilligsentraler legger til rette for at søknad og rapportering kan gjøres gjennom frivilligsentralenes eget IT system InVi. Dette vil forenkle sentralenes drift og synliggjøre effekten av ordningen. Tilskuddsordningen skal iverksettes i statsbudsjett for 2021. Ordningen ferdigstilles i samarbeide med Norges Frivilligsentraler.***

Signert frivilligsentralane i Oppland:

- Skjåk frivilligsentral
- Lom frivilligsentral
- Vågå frivilligsentral
- Sel frivilligsentral
- Dovre frivilligsentral
- Nord-Fron frivilligsentral
- Ringebu frivilligsentral
- Øyer/Tretten frivilligsentral
- Lillehammer frivilligsentral
- Etnedal frivilligsentral
- Foreningen Frivilligsentralen i Sør-Aurdal
- Gjøvik frivilligsentral
- Jevnaker frivilligsentral
- Lunner frivilligsentral
- Nord-Aurdal frivilligsentral
- Stiftelsen Gran frivilligsentral
- Søndre Land frivilligsentral
- Torpa/Nordre Land frivilligsentral
- Vang frivilligsentral
- Vestre Slidre frivilligsentral
- Vestre Toten frivilligsentral
- Østre Toten frivilligsentral
- Øystre Slidre frivilligsentral